

Strategisk næringsplan Vanylven kommune

2024 - 2040



Føremål

- Skape klare og forutsigbare rammer for næringsdrivande som ynskjer å etablere og utvikle næring i Vanylven.
- Skildre prioriterte initiativ og kommunen sitt ansvar for å sikre utvikling av næringslivet.

Visjon

Vanylven skal vere blant Norges fremste miljøkommunar i vidaste forstand, med fokus på trivsel, vekst, berekraftig utvikling. Vi skal legge til rette for nytenking og innovasjon i næringslivet, eit bumiljø som skapar trivsel og samhald, kompakte og trygge tettstadar, infrastruktur for eit aktivt kulturliv og friluftsliv, og eit tilfredsstillande og effektiv tenestetilbod.

Målgrupper

- Politikarar v/kommuenstyre
- Kommuneadminstrasjon v/kommunedirektør
- Næringsverksemder
- Grunnlag for handlingaplanar og prioriteringar

Status næringsliv Vanylven

(Nøkkeltal ENK/AS. Kilde brreg.no)

Tal bedrifter med tilsette:

2014: **158**

2022: **246**

Tal bedrifter utan tilsette:

2014: **121**

2022: **193**

Tal arbeidsplassar privat næringsliv

2014: **504**

2022: **772**

Tal arbeidsplassar i offentleg verksemder

(Stat, kommune, fylke)

2016: **620**

2022: **580**

Nyetableringar AS/ENK:

Totalt i perioden 2014-2023: **218**

2014: **14**

2022: **23**

Bruk av kommunalt næringsfond/lånefond 2015-2022

Lån til næring (kommunalt lånefond): **10 mill kr.**

Tilskot til næring (kommunalt næringsfond): **5,7 mill kr.**

Tilskot og lån Innovasjon Norge i perioden 2014-2022:

Distriktsutviklingstilskot **11,7 mill kr.**

Andre tilskot: **17,2 mill kr.**

Lån landbruk **23,5 mill kr.**

Landbrukstilskot **10,2 mill kr.**

Lån til næring: **31,4 mill kr.**

Tilskot til næring: **19,1 mill kr.**

Trendar og utvikling

Kunnskapsgrunnlag

Regional analyse for Vanylven, Telemarksforsking (2021)

GNIST – Verdien av ein skipstunnel, Blåmyra/Nordplan (2022)


Tillitsmåling i Vanylven, Telemarksforsking (2021)

Evaluering Vanylven Utvikling as, Siem fyr as/Suns as (2016)


Kommuneplanen samfunnsdel

Folketalsutvikling 2000 - 2040

Alder	2000	2022	2040
0-15	838	414	338
16-20	332	163	114
21-45	1204	732	545
46-66	935	910	647
67-100	662	826	955
0-100	3972	3045	2599
67-100	662	826	955
%-andel over 67 år	17	27	37



Kilde SSB/Regionalanalyse



Arbeidsliv

Totalt var det 1352 sysselsette i Vanylven kommune i 2022.
Dette utgjorde 45% av befolkninga.

Inn- og utpendling delte seg slik frå 2016 - 2021 (i parantes inn-/utpendling Kinn/Stad)

	2016	2021
Innpending	154 (55)	180 (45)
Utpendling	305 (95)	314 (93)

Talet på arbeidsplassar fordelt på offentleg og privat sektor frå 2016 til 2022:

	2016	2022
Tilsette i statsforvaltning	21	3
« kommune	559	557
« fylkeskommune	29	3
« offentlege føretak	11	17
« privat sektor	674	772

Verdiskaping

Regionalanalyse 2023

Navn	Bransje	Driftsresultat	Lønnskostnader	Verdiskapning
MOWI ASA	Fiske og havbruk	166 442	51 002	217 444
SIBELCO NORDIC AS	Anna industri	23 324	99 321	122 645
HOFSETH AS	Næringsmiddelindustri	12 882	86 484	99 366
TRIOWEB AS	Tele og IKT	7 499	9 917	17 416
HOFSETH PROPERTY AS	Finans, eiendom, utleie	15 566	0	15 566
SPAREBANKEN MØRE	Finans, eiendom, utleie	9 786	3 777	13 563
COOP NORDVEST SA	Butikkhandel	1 209	11 583	12 792
PRODTEX INDUSTRI AS	Øvrig verkstedindustri	2 518	9 018	11 536
SOLSIKKA AS	Barnehager og undervisning	-15	11 393	11 378
BERGET ELEKTRO OG LINJEBYGG AS	Bygg og anlegg	317	10 549	10 866

Grunnlag for det strategiske næringsarbeidet

I kommuneplanens samfunnsdel er det 3 gjennomgående tema som skal ligge til grunn for arbeidet innanfor alle fagområde.

- Utviklingskraft og berekraft
- Folkehelse og livsmeistring
- Demokrati og medborgarskap

Desse temane skal også ligge som grunnpilarar for kommunen sitt næringsarbeid.

Fylgjande fokusområde, mål og strategiar er relevante for kommunens næringsarbeid:

- Saman skal vi være stolte av bygdene sine tradisjoner, kultur og identitet.
Mål: Kulturarven og naturressursane skal danne grunnlag for auka verdiskaping
- Saman skal vi skape eit berekraftig næringsliv og ei positiv regional utvikling.
Mål: Kommunesenteret på Fiskå skal være eit levande sentrum for handel og service
Mål: Auke verdiskapinga i primærnæringa og styrke eksisterande bedrifter
Mål: Ta vare på og utvikle kompetansemiljø.

Prioriterte berekraftsmål

FNs berekraftsmål består av 17 mål og 169 delmål. Måla skal fungere som ein felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn. Ein sentral del av arbeidet med ekstraordinær næringsutvikling er å bidra til å skape eit robust og framtidsretta næringsliv. Derfor er det viktig å forankre den strategiske næringsplanen i FNs bærekraftsmål.

Vanylven kommune har i arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel valt å prioritere følgjande berekraftsmål:

1 UTRYDDE FATTIGDOM



2 UTRYDDE SVOLT



3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET



4 GOD UTDANNING



5 LIKESTILLING MELLOM KJØNNNA



6 REINT VATN OG GODE SANITÆRFORHOLD



7 REIN ENERGI TIL ALLE



8 ANSTENDIG ARBEID OG ØKONOMISK VEKST



9 INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR



10 MINDRE ULIKSKAP



11 BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN



12 ANSVARLEG FORBRUK OG PRODUKSJON



13 STOPPE KLIMAENDRINGERANE



14 LIVET I HAVET



15 LIVET PÅ LAND



16 FRED, RETTFERD OG VELFUNKJERANDE INSTITUSJONAR



17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA



Prioriterte berekraftsmål



3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET

Vanylven komune skal sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder



11 BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN

Gjere bygdene og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige



4 GOD UTDANNING

Vanylven skal sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje mogleigheter for livslang læring for alle



13 STOPPE KLIMAENDRINGANE

Vanylven kommune skal vere aktiv og imøtekommende for vekst og utvikling som gjev miljømessig, sosialt og økonomisk bærekraft



9 INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR

Vanylven skal bygge solid infrastruktur og fremje inkluderande og berekraftig industrialisering og innovasjon.



17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA

Vanylven er eit samfunn der innbyggjarane opplever reel medverknad i avgjerdss prosessar, får likeverdig rett til tenester og likeverdige mogleigheter til å bidra i samfunnet

Næringspolitisk plattform

Ein strategisk næringsplan skal være kommunen sitt verktøy for å skape ei brei deltaking på tvers av miljø- og enkelpersonar der ein legg vekt på forpliktande samarbeid til det beste for Vanylven kommune.

For å oppnå best mogeleg resultat av ressursinnsatsen er ein avhengig av å ha eit mål på kvar ein står – dvs. kjenne målet og ha ein visjon på kva retning ein skal gå mot, identifisere trendar for framtida og stake ut ein strategi for å nå dette målet.

Det skal utarbeidast langsiktig mål og strategiar for det næringspolitiske arbeidet i kommunen som politikarar, offentleg forvaltning og næringslivet er einige om og som fungerer som utgangspunkt for konkrete satsingsområdet og samarbeidsprosjekt.

Korleis skape attraktivitet

Attraktivitetsmodellen frå Telemarksforsking viser at ein stads attraktivitet vert påverka både av strukturelle forhold og av forhold som staden faktisk sjølv kan påverke.


Stader med positiv attraktivitet har større vekst enn kva dei strukturelle vilkåra tilseier.

Slike stader har skapt ei tiltrekkskraft for næringssliv, dei som kjem på besøk og busette ba-

sert på sitt omdøme, tilgang til bustader og areal, samtidig med lokale fordelar og identitet. Kommunen kan ikkje skape attraktivitet åleine.

Attraktivitet vert skapt i samspel mellom kommune, næringsliv, frivillig sektor og andre. Kommunen må involvere næringsliv, frivillige organisasjonar og innbyggjarane i dette arbeidet

Attraktivetsfaktorar - fire kategoriar:



Det er endring som skaper attraktivitet - X-faktor!

Bustadutvikling som næringspolitisk verkemiddel

Tre viktige faktorar pregar næringslivet i Vanylven kommune

- Svært låg arbeidsledigheit – mellom 0,7 – 2,5% siste 10 år
- Dysfunksjonell bustadmarknad – det betyr at det er få utleiebustader og bustader til sal og bustadane som vert tilbod er lite attraktive.
- Krevjande infrastruktur nord/sør – stor avstand for pendlarar til arbeidsregionen i Ulstein, Herøy, Ørsta/Volda (avhengig av ferge) og Måløy, Nordfjordeid.



Arealstrategi (frå samfunnsdelen kommuneplan)

- Fiskå skal utviklast vidare som hovudsenter i kommunen, og Åheim og Sydde skal utviklast vidare som lokalsenter, med utgangspunkt i kvar stad sin eigenart og stadleg identitet.
- Areal til offentleg og privat tenesteyting skal sikrast og utviklast i samsvar med framtidig behov og forventa utvikling, og med lokalisering som bygger opp under effektiv drift.
- Handels- og servicetilbod, privat og offentleg tenestetilbod og tilrettelagte bustadar skal som hovudregel lokaliserast i sentrumskjernen i kommunesenter og lokalsenter. Sentral lokalisering skal legge til rette for korte avstandar og liv og aktivitet i sentrum. Kommuneplanens arealdel skal definere utstrekning av sentrumskjerner.
- Tilstrekkelege areal for utvikling av nye og eksisterande industri- og næringsverksem der skal sikrast. Næringsareal med sjøtilknyting skal ivaretakast for verksemder som har behov for det.
- Areal og rammevilkår for utvikling av reiselivsnæringa skal sikrast. Naturverdiar, frilufts liv og grøn turisme skal prioriterast.
- Moglegheit for spreidd bustad- og fritidsbebyggelse innanfor landbruks-, natur- og frilufts område (LNFR) skal ivaretakast i alle grendene.

SWOT-analyse

– møte næringslivet 01.02.2024

STYRKER

- God plass/areal
- Lav arbeidsledighet
- Elver for kraftverk
- Lav arbeidsgivaravgift
- Lokalt eigarskap
- Tek tak i ting
- Urørd og svært variert natur
- God kompetanse i eksisterande næringsliv
- Stabilt næringsliv
- Unik mineral-forekomster
- Turisme
- Lang kystlinje
- Vekst i entreprenørskap
- Dyktige folk
- Viktig med frittståande næringslag
- Har ikkje egedomsskatt
- Lege/helsetenster i kommunen 24/7
- Støttar kvarandre
- Rimeleg å bu/etablere bedrifter
- Natur og fritidsaktivitetar
- Tilflytting frå Ukraina gjer at folketalet held seg nokonlunde stabilt.
- Solide hjørnesteinsbedrifter som Mowi, Hofseth Syvde og Sibelco.
- Lokalt eigarskap i vekstbedrifter.
- Nærleik til bygdebyar rundt oss.
- Godt utbygd fibernett gjer at folk kan ta med seg jobben og flytte hit

SVAKHEITER

- Dårleg infrastruktur
- Verditap på nybygg
- Dårleg med avgangar på ferje på kveldstid
- Vi får ei eldrebølgje
- Mangel på kompetanse-arbeidskraft
- Held igjen – torer ikkje
- Generelt mangel på arbeidskraft
- Mangel på kompetansearbeidsplassar
- Får ikkje fram moglegheitene i bedriftene
- Tilgang på arbeidskraft
- Energisituasjonen
- Lite varierte arbeidsmoglegheiter
- Anleggsbidrag for netttilkobling
- Lang behandlingstid i næringssaker
- Logistikk, infrastruktur, transportkostnader, vegstandard
- Tap av vidaregåande skule
- Snakkar ned oss sjøve og kommunen
- Utanfor allfarveg?
- Bygdestrid – uenighet
- Utfordrande kommunikasjoner
- Langstrakt kommune skaper utfordringar
- Vegstandarden
- Stor prosent eldre befolkning.
- Låg sysselsettingsdel (45% mot 67.5% på landsbasis av befolkning 15-74 år).
- Mangel på attraktive utlegebustadar og enkle moderne bustadar for sal.
- Vanskeleg å skaffe kvalifisert arbeidskraft der det er behov for det.
- Lite å velje i for dei som ynskjer seg ein «høgkompetanse-arbeidsplass» lokalt.

SWOT-analyse

MOGLEGEHETER

- Utbygging av meir vannkraft - oppgradering av straumnettet
- Stad skipstunnel – næringsareal ved sjø
- Starte regulering av Åram-sundet (vegkryss på sjøen når Stad skipstunel kjem)
- Gjere seg attraktive for nytableringar og tilflytting
- Få regulert sjønære næringsareal
- Må inkludere dei unge for framtida!
- Ringverknader av Stad skipstunnel
- Satse på turisme (heilårs)
- Betre infrastruktur nord/sør
- Har potensiale for marine næringar
- Netthandel på bygda
- Ny teknologi som kan skape arbeidsplassar
- Attraktive næringsareal nær sjø (Stad skipstunnel)
- Tettare samarbeid i næringslivet – skape møteplassar for næringslivet
- Innovativ tenking – netthandel
- Prioritering i verkemiddelapparatet
- Betre kollektivtilbod innan kommunen og ut/frå/til kommunen sørover/nordover
- Sjå på moglegheitene i framtidig infrastruktur. Autonome bussar/ferger
- Drosje for buss, arbeidsplassar heile kommunen vert dekt
- Turisme – Stad skipstunnel – mykje vil skje av seg sjølv
- Fleire bustader
- Tunellen Årvik – Gursken/Leikong medan ein ventar på Rovdefjordsambandet
- Arealtilrettelegging
- Samarbeid kommunal/fylket
- Samband heile døgnet
- Kompetanseheving
- Skape nye arbeidsplassar til «det grøne skiftet»
- Gode støtteordningar

– møte næringslivet 01.02.2024

- Målretta marknadsføring av Vanylven både til utflyttarar og til andre som kan ynskjer å bu landleg, her må mange ulike tiltak vurderast.
- Få tilflyttarar frå Ukraina til å ville halde fram å bu her.
- Utviding ved Mowi og nyvinningar ved Sibelco gjev von om fleire arbeidsplassar.
- Bygge attraktive utleiegebustadar og enkle moderne bustadar for sal.
- Arbeide strategisk for betre samferdsle nordover, med eller utan bru.

TRUGSLAR

- Behov for oppgradering av straumnettet
- Fråflytting
- Eldrebylgja
- Verdi av eigedom
- Sentralisering til andre kommuner
- Diltar etter andre kommunar
- Mangel på arbeidskraft
- Oppdagar ikkje moglegheitene som er rundt oss (stoveblind)
- Negativ befolkningsutvikling
- Mangel på kompetanse
- Mangel på dialog mellom næring/politikk
- Hyttebygging
- vindturbinarar er ein trussel mot reisliv/turisme
- Negativt snakk
- Misunnelse generelt
- Logistikk
- Energimangel
- Nedlegging på grunn av handelslekasje
- Monopolisering butikkjeder
- Netthandel
- Manglende kommunikasjon nordover både over Rovdefjorden, Årumsundet, Voldafjorden og Sulesund gjer det vanskeleg både for jobbreiser, pendling og fritidsreiser.

Drivarar og barierer (GAP-analyse)

DAGENS SITUASJON


- Utfordrande infrastruktur – avhengig av ferje for å nå arbeidsregionane i nord
- Mangel på arbeidskraft – stor andel av arbeidsinnvandring
- Negativ demografiutvikling – auka andel av eldre i befolkning
- Mangel på attraktive utleiebustader og enkle moderne bustader for sal
- For dårlig utbygt linjenett for å sikre framtidig energibehov

KVA SKAL TIL?

- Vanylven må gjøre seg attraktive for nyetablering og tilflytting – sjønære næringsareal og attraktive bustadområder.
- Ei oppgradering av straumnettet
- Prioritere tunnel Årvik – Gursken medan ein ventar på Rovdefjordsambandet
- Utvida opningstider på ferjesambanda Koparnes – Årvik, Lauvstad – Volda (nattferge?)
- Skape nye arbeidsplassar til «det grøne skiftet»
- Bygge attraktive utleiebustader og moderne bustader for sal
- Arbeide strategisk for betre samferdsel nordover, med eller utan bru

FRAMTIDIG SITUASJON

- Store ringverknader av Stad skipstunnel med attraktive sjønære næringsareal.
- Avstanden til arbeidsregionane i nord er redusert vesentleg etter at «Sandetunnelen» stod ferdig. Reisetida nord-sør er redusert med 10-15 minutt
- Rovdefjordsambandet er vedtatt skal byggast og pårekna opning av brusambandet er sett til 2040.
- Regionen har vorte eit ynda reisemål etter Stad skipstunnel stod ferdig og reiselivet opplever stor pågang heile året.
- Interessa for etablering av næring og busetjing i Vanylven har ført til ei positiv befolkningsutvikling i Vanylven og omtimismen er stor for framtida.



Strategisk innsatsområde

Vekst

I Vanylven skal vi skape vekst gjennom knoppskyting, ha fokus på utviklingsarbeid, delta i digitalisering og grøn omstilling i eksisterande næringsliv kombinert med gründere og entreprenørskap.

Innovasjon og nyskaping

I Vanylven skal vi etablere tverrfaglege miljø der målsettinga skal være auka kompetanse og innovative løysingar for framtida. Folk som ynskjer utvikling finn kvarandre, møtast på tvers og vert kopla til relevant komptetanse- og kunnskapsmiljø.

Kulturlandskapet

I Vanylven skal vi utnytte potensiale som er gitt oss i form av eit varierande kulturlandskap. Fjell, dalar, fjord og ope hav er fortrinn vi må utnytte betre for å skape attraksjonskraft og framtidas berekraftige arbeidsplassar. Ei berekraftig satsing på turisme som etterkvar vil sikre heilårs arbeidsplassar må prioriterast.

Vanylven som attraktiv bu- og besøkskommune

I Vanylven skal vi skape ei bli- og bulyst kommune der identitet, godt omdøme og gode oppvekstvilkår skal stå sentralt. Å sikre gode kommunikasjonar til arbeidsregionane sør og nord er avgjerande for å gjøre Vanylven attraktiv å bu i.

Visjon og mål

Vanylven skal pregast av eit godt samspel mellom kommune, eit konkurransedyktig, berekraftig og utviklingsorientert næringsliv og verkemiddelapparat. Målet er å ha minst 1000 arbeidsplassar i privat sektor innan utgangen av planperioden.

Det er også eit mål at talet på statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar i kommunen skal være høgare ved utgangen av planperioden.

